

Vår dato  
28.10.2013  
Dykkar dato  
10.07.2013

Vår referanse  
2013/768 - 6332/2013  
Dykkar referanse  
12/1421

Til

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

## Framlegg til endringar i UH-lova - høyringssvar frå Høgskulen i Sogn og Fjordane

Framlegg til endringar i UH-lova har vore til vurdering i høgskulen, og vi har følgjande kommentarar og innspel. Kommentarane følgjer dei nummererte punkta i høyringsnotatet.

### 1. og 2.

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) har ikkje merknader til dei foreslårte endringane på desse paragrafane.

### 3. Klage på vedtak om generell godkjening av utdanning

Høgskulen er ikkje samd i dei foreslått endringane av § 3-4 der det vert foreslått å fjerne klageretten på NOKUT si faglege vurdering i saker om generell godkjennung av utanlandsk utdanning. Høgskulen meiner at vedtak i desse sakene er av stor betydning for den einskilde. Det vil vere uheldig å fjerne klageretten med den grunngjevinga at det er vanskeleg for klageinstansen å skaffe seg tilstrekkeleg faglege føresetnader for å kunne gjennomføre forsvarleg ankebehandling. Ein slik argumentasjon vil og kunne gjelde andre saker, til dømes fuskesaker eller skikkasaker der Felles klagenemnd er ankeinstans.

### 4. Heimel for godskrivingsforskriften

Høgskulen har ingen merknad til endringa i § 3-5 (7).

### 5. Rett til utsatt eksamen

Høgskulen er positiv til at studentar som ventar barn skal få høve til utsett eksamen dersom eksamensdato er sett i perioden tre veker før fastsett termin og tre veker etter fødsel. Forslaget er utfordrande for institusjonen, men vi meiner studentane har krav på best moglege vilkår i ein krevjande fase av livet, og at omfanget er slik at høgskulen har kapasitet til å gjennomføre ordninga.

### 6. Vedtaksmyndighet for utestengingsvedtak

Høgskulen er einig i at vedtak om bortvising og utestenging av studentar skal gjerast av institusjonens klagenemnd og sluttar seg til forslaga i pkt 6.2 om å stryke formuleringa «styret sjølv» i §§ 4-7 – 4-10. Avgjerdsmynde i slike saker bør ligge til klagenemnda.

Vi er einige i at det er *rektor* som kan gi skriftleg advarsel til studentar, jf § 4-8 (1), og ikkje *styret* i samsvar med formuleringa i § 4-8 første ledd.

### 7. Fusk ved «gjennomføring av eksamen»

Ved HiSF har vi hatt ei forståing av begrepet «avleggelse av» som samsvarer med den formuleringa som departementet no foreslår. Studenten sitt eige ansvar for å vere aktsam gjennom heile eksamensforlopet

har vore strengt praktisert. Vi sluttar oss til ny formulering av § 4-7 første ledd bokstav b, og meiner det no vert tydelegare for studentane kva rammer som gjeld for vurdering av fusk i eksamenslokalet.

### **8. Informasjonsutveksling om vedtak om fusk og bruk av falske dokument med meir**

Høgskulen ser fram til at RUST vert tatt i bruk. Vi meiner dette registeret kan utviklast til å sikre meir lik forvaltning av vedtak om utesenging, karantenetid for å søkje nytt opptak eller melde seg til eksamen, og bruk av falske dokument. Det same gjeld vedtak om å vere skikka. Det er bruk for retningslinjer som sikrar at vedtak vert registrert korrekt, og sletta frå registeret når periode for utesenging, karantene eller andre sanksjonar er utløpt.

Høgskulen sluttar seg til ny § 4-12 Informasjon om vedtak om utesenging og karantene ved opptak.

### **9. Medvirkningsansvar ved fusk på eksamen**

Høgskulen støttar formuleringa i § 4-8 tredje ledd som sikrar at medverknad til fusk vert sanksjonert.

### **10. Dekking av kostnader til advokat i utesengingssaker**

Høgskulen er fornøgd med at det vert lovheimel for å avgrense kostnader ved advokathonorar til honorar etter statens satsar.

### **11. Tvangen avslutning av doktorgradsutdanning**

Høgskulen størt forslaget om at klagenemnda ved institusjonen kan vedta tvungen avslutning av doktorgradsutdanning på grunnlag av vitskapleg uredelegheit eller vesentleg misleghald av ph.d-avtalen. Det vert samstundes lagt til rette for at klagenemnda kan vurdere annan reaksjon t.d ved fusk på prøver under vefs i utdanningsløpet.

Høgskulen sluttar seg til formuleringane i ny § 4-8 sjette ledd.

### **12. Politiattestnemnda**

Politiattestnemnda har fylt ein viktig rolle på eit felt der det er behov for kunnskap i sektoren. Det er ikkje så mange saker knytt til vurdering av politiattest med merknad kvart år, men det er viktig at dei sakene som kjem opp, vert vurdert av personar med best mogleg kompetanse både om politiattestar og om yrkesfeltet studentane utdannar seg for. Vi merkar oss at det ikkje har vore gjort noko evaluering av arbeidet i politiattestnemnda i forkant av forslaget departementet no kjem med om å legge ned nemnda. Behandling av politiattest i lokal klagenemnd kan føre til ulik vurdering mellom institusjonene. Det er også slik at politiattester kan vere av varierende kvalitet.

Høgskulen har likevel kome til at vi er samde i forslaget om at politiattestnemnda vert lagt ned.

Noverande ordning er slik at politiattestar med merknad skal sendast politiattestnemnda saman med ei vurdering frå klagenemnda ved institusjonen. Dette gjeld i samband med opptak til studium, og i samband med kontroll av politiattest før praksis. Sakshandsaminga knytt til vurdering av politiattestar er tungvint og tek lang tid. Den avvik frå andre saker med stor konsekvens for den enkilde student eller samfunnet omkring, til dømes vurdering av fusk til eksamen.

Høgskulen meiner at vurdering av politiattestar med merknad krev spesiell kompetanse, og at kravet må vere lik behandling ved institusjonane. Høgskulen meiner kravet til rask sakshandsaming bør vege tungt, og at institusjonen si klagenemnd bør få avgjerdsmynde i slike saker. Basert på vurdering frå aktuelt fagmiljø som kjenner praksisfeltet, må klagenemnda kunne opparbeide seg kompetanse i denne typen saker. Politiattestnemnda har gjort viktige erfaringar som bør kunne kome sektoren til gode i det vidare arbeidet.

Høgskulen står framlegg i § 4-9 (5) der klagenemnda får vedtaksmynne etter uttale frå institusjonen i saker der studentar med merknad på politiattesten kan nektast å delta i klinisk undervisning eller praksisopplæring.

Høgskulen står vidare framlegg til endring av Forskrift om opptak til høyere utdanning § 6-11 og ny § 6-12 som gir klagenemnda, i samband med søking og opptak til studium, ansvar for vurdering av utesenging frå praksis for studentar med politiattest med merknad. Felles klagenemnd vert klageinstans i desse sakene.

### **13. Klagenemnd og offentleglova**

Høgskulen sluttar seg til forslaget om at det er Felles klagenemnd som er klageinstans i høve vedtak etter offentleglova.

### **14. Klage over formelle feil**

Høgskulen står alternativ 2 i høringsnotatet med ei ordning der det er klagenemnda ved høgskulen som gjer vedtak som førsteinstans. Det er viktig at slike saker vert behandla likt i institusjonen, og vi meiner at klagenemnda vil ha den beste kompetansen til å gjere vedtak i klagesaker som gjeld formelle feil ved eksamen. Klagenemnd har ein avstand til saker der studentar og avdelingar/institutt kan ha ulikt syn. Høgskulen meiner Felles klagenemnd bør vere klageorgan. Høgskulen er ueinig i framlegg til §5-2 fjerde og femte ledd.

### **15. Gjennomføring av klagesensur**

Høgskulen meiner det bør vere ei felles ordning for sektoren når det gjeld «opplyst eller blind» klagesensur. Det bør ikkje vere valfritt for institusjonane å velje ordning på eit felt som er så viktig for studentane og for omverda. Ved HiSF forstår vi studentane sitt ønske om blind sensur som eit middel for å sikre best mogleg open klagesensur. Blind sensur kan motverke relativ karaktersetjing, og slik vere med å fremje karaktersetjing som i større grad held seg til gitte kriterier. Opplyst sensur kan mistenkast for å medverke til å sementere ein karakterkultur på ein måte institusjonar og studentar ikkje er tent med. Samstundes er høgskulen opptatt av at klageretten ikkje skal misbrukast. Kanskje vil blind sensur gjere det mindre aktuelt for studenten å klage. Klagesensuren vert sett utan kunnskap om den opprinnelige karakteren, noko som kan gi større variasjon, og kanskje større risiko for studenten.

Høgskulen vil støtte forslaget om å innføre blind sensur. Høgskulen meiner at studenten sin klage skal vere grunngjeven.


### **16. Innstegsstilling – ansettelse på innstegsvilkår**

Høgskulen har ikkje sterke meininger om dei to foreslalte alternativa, men heller mot alternativ 2, der ein som har hatt ei innstegsstilling på innstegsnivå har krav på å bli vurdert for fast tilsetjing, og ikkje automatisk vert tilsett i fast stilling dersom kompetansekrava er oppnådd.

### **17. Bistilling, 18. Bruk av institusjonstittel, 19. Enkeltvedtak etter forvaltningsloven, 20. Gjenvalg av styremedlem og 21 Avsetjing av enkeltstyremedlem**


Høgskulen sluttar seg til dei foreslalte endringane.

Med helsing



Åse Løkland

Rektor



Kari Thorsen

Seniorrådgjevar